

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Torsdag 26.03.20 kl 10 – kl 11.30
Tilstede: Svein Slåtsveen, Tone Rubach, Bjørn Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Jørn Ellingsen, Håvard Knygh, Merethe Sund og Arne Flatmo
Forfall: Bente Børsheim (vara Jørn Ellingsen deltok) og Svein Inge Jakobsen (Arne Flatmo deltok)
Kopi til: Vara AU, leiargruppe Medlem region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 26.03.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styret Svein ynskjer at vara AU får kopi innkallingane til møta. Svein ynskjer vidare å bruke Ragnhild som vara for leiar og nestleiar, ved behov.</p> <p>Merethe orienterte om beredskapen: Alle fabrikkar er oppe og går, men utfordring på Otta pga karantene. Papp har hatt litt forseinka levering. Hatt møte med landbr minister med m.a. spm om dispensasjon frå 8 timers regel. Større belastning med lenger skift og helgearbeid. Auke i salet av raudt og kvitt kjøtt til daglegvare, men stor reduksjon på PROFF.</p> <p>Auka vektgrense på gris. Lite uttak av lammelager, oppfordra minister til å vektlegge det. Eggprodusentar oppfordra til ordinær levering. Import av storfe. Stoppa nisje og retur.</p> <p>Lågare slakting og skjering av raudt kjøtt. Vanskeleg å talfeste verknadane av koronatiltaka.</p> <p>Bioco, anlegget vi eig med FK: Forseinka og krevande oppstart med ny teknologi. I løpet av hausten forventa sal mot humanmarknad internasjonalt. Behov for auka finansiering frå eigarane.</p> <p>EAT-rapporten: Kom i 2019, fokus på redusert kjøttinntak. Nortura m.fl har hatt uformelle kunnskapssamtalar med EAT, vert vidareført.</p> <p>Konsernstrategi: Presentasjon og gjennomgang. Jobbast innanfor kvart forretningsområde med mål.</p> <p>Industristruktur: Heilheitleg plan ligg til grunn. Samle slakting og skjering av storfe og gris? Setjast i verk forprosjekt no.</p> <p>Årsmøtet vert avvikla elektronisk 28.04.</p> <p>Jordbruksforhandlingane: Skjer i eit anna format enn vanleg.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Kva er potensialet for forventa inntening på Bioco?• Kva slags lang frakt er det køyretøya våre ikkje er godkjent for? Klarer vi å handtere nyetableringar på dyreslaga?• Ministeren vore kontakta i forhold til lammelager? Leveringsgrad til kjedene?• Prisskilnad på kr 130/kg for bacon mellom merkevare og EMV er observert.	Brit Kari

- Strategisk prising?
- Reduserer vi sortiment for å prioritere det vi har størst inntening på no?
- TINE har varsla permittering av rådgjevarar. Kva er Nortura sin strategi?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Orientering frå Medlem og Drift region Nord

Arne orienterte om drifta på anlegga: Beredskapsmøter kvar dag. Lite sjukdom på anlegga i regionen, går som normalt. Tiltak for å halde 2 m regelen i produksjon og kantine. Alle som kan ha heimekontor har det. Kontinuerleg oppfølging av hygiene og reinhald. Medlemsbutikkar stengt.

Rådgjeving: Heimekontor, avlyst møter og gardsbesøk, unntatt kritiske situasjonar. Kvar rådgjevar lagar vekeplan med oversikt over produsentar som skal kontaktast. Får tatt saker som har vore på vent. Planlegg fagmøter som webinar. Tilførsalar: Små endringar sidan RU-møtet.

Spørsmål/kommentarar:

- Prising av kjøtfe kontra NRF: Vert meirprisen tatt ut i marknaden?
- Kva er årsaka til at region Nord ikkje har tilgang til Angus-avtalen?
- Mogeleg å sjå på ein tilsvarande avtale for region Nord, med utgangspunkt i Målselv?

Svein og
Fred Tore

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Status i kretsane

Svein orienterte frå Finnmarkskretsane: Manglar varer i butikk. Marknadsføre norsk produksjon. Koordinere sommargris. Saueklipping OK. Ingen sjuke.

Fred Tore: Ikkje fått tak i alle, men ingen meldt sjuke, stilt og roleg. Kretsaktivitet avlyst. Morten Fredriksen skytte av eit webinar i Arktisk kompetansesenter for sau, kan vere god løysing som møteform.

Ragnhild: Ikkje så lenge sidan RU-møtet, så ikkje så mange saker. Ingen meldt sjuke.

Bjørn Arne: Stille, ingen påviste smitta. Spm om salet i situasjonen no.

Tone: Alt kretsarbeid avlyst. Ufordrande at det er opp til kommunane å vurdere behov for barnehage, vert ulikt handtert. Spm om kvifor ikkje prisen på storfe er auka no, framfor å opne for import.

Spørsmål/kommentarar:

- Webinar kan vere ei framtidsretta møteform, sjølv om vi også treng fysiske møter framover.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Diskutere ny fordeling av ansvars-kretsar

Brit Kari orienterte om bakgrunnen for dagens fordeling, med m.a. vekt på nærheit til AU-medlemen.

Svein stilte spm om det er aktuelt å ha ei større geografisk spreining, framfor eit samla geografisk område.

Innspel/kommentarar:

- Fred Tore har ingen i sitt nærrområde, er fordel med nærheit.
- Aktuelt med ei rullering i forhold til tidlegare, for større kontaktflate?

Vedtak: AU ber Brit Kari lage forslag ny fordeling av ansvars-kretsar til neste AU-møte, jamt fordelt med antal kretsar og med geografisk spreining.

Brit Kari

5 **Evaluering av RU-møtet**

Brit Kari og Svein kommenterte oppsummeringa av evalueringkjemaene.

Innspel/kommentarar:

- Logistikk/organisering av lunsjen burde vore betre. Ynskje om meir regional info og tid til spørsmål.
- Kva er kriteria for dagsmøte og 2-dagers møte?
- Ulogisk med 2 -dagers på hausten, i forhold til at det på våren er mange nye kretstillitsvalde.
- Det ideelle hadde vore to 2-dagers møter.
- Ulempe at det er meir hektisk møtetid på våren, og knappe tidsrammer for avvikling av RU-møter mellom kretsmøta og årsmøtet.
- Avvente økonomisk situasjon med å jobbe for 2-dagers møte til våren.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU ynskjer 2-dagers møte på våren, men avventar økonomisk situasjon.

6 **Eventuelt**

- Bjørn Arne tok opp at den nye serien med 50-50 kjøt og grønsaker er merka Gilde frå den norske bonden, der grønsakene er importert. Merethe fylgjer opp.
- AU ynskjer at det vert sendt ei blomsterhelsing både til Bente og Svein Inge.

Merethe
Brit Kari